

Utviklingsplan for Firda vgs 2018-2021

Visjon

«Kompetanse og danning for framtida»

Slagord

«Firda – meir enn ein skule»

Overordna mål:

Firda vgs skal:

- Vere ein inkluderande lærings- og dannelsarena for alle, både elevar og tilsette
- Førebu ungdommane for framtida gjennom arbeid med livsmestring, medborgarskap og endringskompetanse
- Vere den fremste læringsarenaen i fylket for ungdom som ynskjer å utvikle seg innafør kulturfaga musikk, dans og drama

Dei overordna måla er forankra i formålsparagrafen (opplæringslova § 1.1) og «Mot nye høgder», mål og strategidokument for Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Alt som skjer på skulen skal vere forankra i Firda vgs sine verdiar: dialog, ansvar, mangfald og meisitring.

- Dialog handlar om respekt for den andre, om å vise evne til å lytte og anerkjenne den andre sine premissar.
- Ansvar handlar om å bry seg, om å yte for fellesskapet, om å fylle rolla si i organisasjonen og om å yte sitt beste.
- Mangfald handlar om eit ope og inkluderande miljø, om å godta at vi er ulike, om å behandle alle likeverdige, uavhengig av alder, kjønn, religion og legning.
- Mestring er opplevinga av å klare dei oppgåvene ein er sett til, og å nå dei måla som ein har sett seg. Mestring handlar om å vere rusta til å møte utfordringar i kvardagen.

Utviklingsplanen skal gje retning og ramme for arbeidet ved skulen. Det handlar om samarbeid mellom tilsette og elevar, mellom skule og heim, mellom skule og lokalmiljø og mellom skule og skuleeigar.

Utviklingsplanen definerer fylgjande hovudområde: elev, opplæring, leining, medverknad, hus og anlegg

strategi

kvalitetsmål

Elev
Eleven sitt beste skal vere overordna gjennom alle tiltak og aktivitetar.
Elevane si stemme skal ha ein tydeleg plass i organisasjonen

Opplæring
Varierte arbeidsmetodar og vurdering som fremjar læring.
Dele god praksis.
Opplæring som er relevant for eit framtidig yrkes- og samfunnsliv.

Leiing
Leiinga er tett på og brukar utviklingsarbeidet til å sette retning for skulen
Leiinga legg gode rammer for det pedagogiske arbeidet.

Medverknad
Legge til rette for medverknad på alle nivå.

Hus og anlegg
Godt samarbeid med BET, IKS Trivselshagen og Gloppen kommune

Elev
Elevane ved Firda vgs har eit godt liv på skulen og i Gloppen.
Elevane si stemme fører til endring og utvikling

Opplæring
Eit kreativt, utviklande og støttande læringsfellesskap mellom elevar og tilsette
Eleven er aktiv i lærings- og vurderingsarbeidet
Eleven opplever mestring
Visjon om 100% gjennomføring

Leiing
Leiinga vert oppfatta som raus, tydeleg og løysingsorientert

Medverknad
Elevar og tilsette opplever å bli sett og lytta til.

Hus og anlegg
Hus, anlegg og utstyr som gir gode rammer for opplæringa

Plan for tiltak:

Elevar: «eit godt liv på Firda vgs og i Gloppen»

Tiltak	Ansvar	Tid
Gjennomføre overgangsmøter og samarbeidsmøter mellom ungdomsskule og vgs	Rådgjevar og leiing	18-21
Styrke samarbeidet med foreldre og føresette gjennom tettare dialog, minst to samtaler pr. år for elevar som er under 18 år	Kontaktlærer og rådgjevar	18-21
Ta i bruk draumeskulen som tiltak for betre skulemiljø	Ressursgruppe	18-19
Lage plan for implementering av arbeidet med livsmestring og folkehelse inn i fag og skulekvardag	Avdelingsleiar spes.ped.	18-19
Innarbeide gode rutinar for oppfølging av enkelt elevar	Rektor	18-19
Tilbod om mestringsgruppe for elevar som slit med kvardagen	Rådgjevar	18-19
Arbeide for å få auka ressurs til oppfølging av ungdommar som har det krevjande	Leiinga/rektor	18-21
Eigen plan for dei to fyrste vekene av skuleåret. Fokus for tiltaka er at elevane skal bli best mogeleg førebudde på skulekvardagen	Avdelingsleiar idrett	18-21

Opplæring: «eit kreativt, utviklande og støttande læringsfellesskap mellom elevar og tilsette».

Tiltak	Ansvar	Tid
Planar for det enkelte fag skal vere tilgjengeleg i one note innan 3 veker etter skulestart	Lærer	18-21
Det skal gjennomførast minst 2 klassemøter i løpet av semesteret der klassemiljø og læringsarbeid er tema	Kontaktlærer	18-21
Delingskultur og vurderingsarbeid skal vere gjennomgåande tema på seksjonsmøte og personalmøte	Avdelingsleiar/fagkoordinator	18-19
Utvikle one note/office 365 som delingsarena	E-pedagog og faglærer	18-19
Sette av tid på planleggings dagar/seksjonsmøte for å arbeide med nye læreplanar og nye arbeidsmetodar i samband med fagfornyinga	Leiinga	18-21
Arbeide fram ein møtestruktur som støttar opp om lærings- og utviklingsarbeidet	Avdelingsleiar idrett	18-20

Leiing: «vert opplevd som raus, tydeleg og løysingsorientert»

Tiltak	Ansvar	Tid
Øve på og utvikle kultur for målretta og støttande tilbakemelding – coaching kurs for leiargruppa	Rektor	18-19
Alle tilsette skal ha minst ei utviklingssamtale/medarbeidarsamtale i løpet av eit arbeidsår. Dei som er nye skal ha minst to	Avdelingsleiar	18-21
Avdelingsleiar skal så sant det er mogeleg delta på seksjonsmøta og klassemøte	Leiinga	18-21
Det skal gjennomførast skulevandring i samband med utviklingssamtalane	Avdelingsleiar	18-21

Medverknad: «Alle skal bli sett og lytta til»

Tiltak	Ansvar	Tid
Det skal leggst til rette for reell medverknad frå elevar og tilsette gjennom drøftingsmøte, elevråd, skuleutval og skulemiljøutval	Rektor	18-21
Tillitsvalde og leiing gjennomfører ei to dagars samling i løpet av året der vi har fokus på skuleutvikling	Rektor	18-19
Minst 4 møter mellom styret i elevrådet og leiing i løpet av skuleåret	Elevrådskontakt i leiinga	18-21
Undervisningsvurdering skal gjennomførast i alle fag	Avdelingsleiar	18-21
Resultata frå undervisningsvurdering og elevundersøking vert brukt i utvikling av læringsarbeidet	Leiging	18-21
Faglærer har ansvar for å gjennomføre fagsamtale minst ein gong pr. semester	Faglærer	18-21
Det skal utviklast skjema for eigenvurdering og lagast tydelege rammer for fagsamtalen	Leiinga	18-21

Hus og anlegg. Mål: «gode rammer for tilsette og elevar».

Tiltak	Ansvar	Tid
Arbeide for renovering av kjøkkenet på open skule	Rektor	18-19
Rehabiliter og utvikle skuleplassen til felles aktivitetsområde	Rektor	18-19
Parkering for sykklar og ladepunkt for el-bil og el-sykkel på skulen og ved Trivselshallen	Rektor	18-19
Etablere basisrom i Trivselshallen	Avdelingsleiar idrett	18-19
Fullføre arbeidet med black box	Rektor/Avdelingsleiar MDD	19-20
Arbeide for å få etablert ei sandvolleyballbane i samarbeid med STIL	Rektor/avdelingsleiar idrett	19-20
Klasserom som legg til rette for god undervisning	Avdelingsleiar	18-20